

forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

## Referat frå fellesmøte Florø 16-17.november 2012

### Deltakarar:


Marino Ask	Sogn og Fjordane Turlag, AU
Alvar Melvær	Sogn og Fjordane Turlag
Jørgen Bruheim	Sogn og Fjordane Turlag
Hilde Sværen	4 H
Per Martin Forsmark	SF JFF, AU
Lars Olav Rylandsholmen	Kystlaget Hornelen, AU leiar
Thorleif Jakobsen	Naturvernforbundet
Sigmund Flaten	Naturvernforbundet
Erik Solheim	Naturvernforbundet
Roar Moe	Kystakademiet / Litle Færøy Kystkulturlag
Joar Helgheim	Fylkeskommunen
Elisabeth Dahle	FNF

### Innleiarar, oppsummerarar:

Anne Leversund	Org.sjef Norges idrettsforbund SF
Joar Helgheim	Fylkeskommunen, rådgjevar friluftsliv
Per Arne Tveit	Kystarven
Roar Moe	Litle Færøy Kystkulturlag
Steinar Malkenes	frivans kystkulturbærar
Erik Solheim	Naturvernforbundet

FNF ved Elisabeth Dahle innleia til ein arbeidsverkstad om organisasjonane og FNF si rolle i samfunnet, kva FNF kan bidra med til organisasjonane i deira arbeid og korleis FNF kan styrka sitt arbeid;

- for å stimulere organisasjonane til å vere viktige aktørar i samfunnet
- til å vere viktige leverandører av aktuell og oppdatert kunnskap
- for å få natur og friluftslivsinteressene på dagsordenen



forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

## **Organiseringa av idretten, idrettsråd m.m.**

Anne Leversund, organisasjonssjef i Sogn og Fjordane Idrettskrins

Ho har sin bakgrunn i idretten frå fotball og er medlem i turlaget.

Idretten er ein velorganisert og målretta aktør. Veldig bevisst på medverknad og ivaretaking av eigne interesser.

Idretten sin visjon er: «Idrettsglede for alle»

Norsk Idrett er ein kompleks organisasjon. Anne skisserte ein gjennomorganisert struktur som er både slagkraftig, men også komplisert.

- Idrettsråd – alle idrettslaga i ein kommunenivå

NIF sitt mål: Få alle idrettsråda opp å gå

- verdiselskap
- Idrettskrinsen driv kriseløysing og organisasjonsutvikling når arbeidet skrantar i eit idrettslag.
- Idretten har lært seg nokre korporative knep i høve til kommunikasjonen mellom idretten og kommunenivå. Idrettskrinsen er vegleiar før idrettslaga tek på seg stor gjeld og stort eigaransvar.

Viktig for å lukkast.

- Idrettskretsen har laga mal for samarbeidsavtale mellom idrettslaga og kommunen.
- Idrettskrinsen er aktive på å synleggjere det viktige samfunnsansvaret som idretten har.

Viktig vidare.

- samarbeid mellom idrett og friluftslivet

## **1. Arbeidsøkt: Mitt lag si rolle i samfunnet**

Joar Helgheim styrte arbeidsøkta og gruppearbeidet med følgjande spørsmål til enkeltpersonane i gruppa:

Oppg. 1a) Døme på suksessar i mitt lag si historie [«resultat», prosjekt, hendingar, organisering, enkeltepisodar, osv.]. (3minutt –kvar for seg, 4 minutt runde rundt bordet)


Oppg. 1b) Kva har gjort suksesshistoriene mogeleg? [ressursar, personar, samarbeid, institusjonar, e.l.] (3 minutt –kvar for seg, 4 minutt runde rundt bordet)

Oppg. 2a) Utfordringar – kva verdiar/ressursar er dei viktigast å take vare på for å kunne skape nye suksesshistorier i framtida? [nemn maks 5 verdiar/ressursar] (2 minutt –kvar for seg, 4 minutt runde rundt bordet)

Oppg. 2b) Utfordringar – korleis kan mitt lag medverke til at dei viktigaste verdiane/ressursane vert tekne vare på?

(5 minutt –kvar for seg, 5 minutt runde rundt bordet)

Oppsummeringa frå arbeidsøkta ligg ved som eiga fil: Arbeidsøkt oppsummering



forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

### **Kva ventar fylkeskommunen av FNF?**

Joar Helgheim, rådgjevar for friluftsliv, vilt og fisk i fylkeskommunen

Fylkeskommunen sin rolle i høve natur og friluftsliv:

#### **→ Primært ein utviklingsaktør**

Samordne ulike interesser

Utarbeide planar og strategiar for fylket

Medverke til gjennomføring av planar og strategiar for fylket

- Tilskotsmidlar/prosjektstønad
- Innspel til kommunale planar og strategiar
- Innspel til staten om fylket sine behov og utfordringar

Fylkeskommunen legg til rette for utvikling

– vi driv ikkje aktivitetstilbod eller vernar natur

→ Det er kommunane og organisasjonane som står for gjennomføringa på desse fagområda

### **Kva treng fylkeskommunen FNF til:**


- synleggjere natur- og friluftslivsinteresser i samfunnet generelt (informasjonstiltak o.l.)
- Formidle informasjon frå fylkeskommunen utover til organisasjonane (spesielt viktig i høve «små» organisasjonar)
- Vere ein garantist for at natur- og friluftslivsinteresser vert omtalte og vurdert i relevante planar (regionalt og lokalt) – dokumentere aktivitet og påvise natur- og friluftslivsverdier.
- Komme med samordna innspel, frå organisasjonane, om kva mål som bør gjelde for natur og friluftsliv
- Vere ein pådrivar for å få gode prosessar lokalt og regionalt – for å sikre at natur- og friluftslivsinteressene blir spelt inn på eit tidleg stadium i relevante planarbeid
- samordne prosjekt på fylkesnivå (oppfølging av planar og strategiar)

Sjå vedlegg

### **2.arbeidsøkt: FNF si rolle**

Oppg.3a)

Kva grep kan FNF gjere for å hjelpe organisasjonane til å vere synlege og tydelege i høve plansaker? [til dømes kva strategiar skal FNF jobbe etter?, eventuelt kva ynskjer din organisasjon hjelp til å bli betre på? kva typer tiltak og saker skal prioriterast?].



forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

(5 minutt –kvar for seg)

Oppg.3b)

Kva er dei tre viktigaste grepa FNF kan ta for å hjelpe organisasjonane i plansaker? [tenk helst overordna grep/strategiar, dvs. unngå enkelttiltak viss de greier det]

(5 minutt runde rundt bordet, der alle gjev sine svar på oppg. 3a, deretter 5 minutt til å diskutere kva gruppa meiner er dei tre viktigaste grepa)

Oppsummeringa av arbeidsøkta ligg ved i fila: Arbeidsøkt oppsummering

### **Oppsummering, tilbakemeldingar og diskusjon**

**Per Arne Tveit frå Kystarven** oppsummerte i plenum essensen frå konklusjonane og diskusjonane i arbeidsøkta og utforda både organisasjonane og tillitsvalgte på relevante tema og spørsmål.

### **Årsplan 2013**

Forslaget vart diskutert og godkjent med nokre tillegg/endingar.

Vedlagt

### **4-årsplan 2013**

Forslaget vart godkjent etter tillegg i 2013 om å arbeida for å styrke FNF administrativt

Vedlagt

### **Budsjett 2013**

Budsjettforslag 2013 vart godkjent

### **Kystfriluftsliv, kva slags liv er det?**

Roar Moe frå Kystkurlaget Little Færøy

«Om å fylle vin på gamle flasker»

Roar tok oss med på ein livsseilas om verdier, haldningar og kunnskap.


Om kunnskap som er erfaringsbasert og handlingsbåren kontra vitenskapleg kunnskap.

Har noko større verdi og relevans enn den andre? Er vitenskapen den einaste sanne kunnskapen, og korleis bærer ein kunnskap frå verdsveven? Er den omsetteleg i det verkelege kystfriluftslivet. Med Roar sin eigen bakgrunn frå idrett og idrettsforskning fekk vi gode refleksjoner rundt desse spørsmåla.

Endingane i tradisjonar og liv på kysten har vore store. Båtane og Bærarane av dei gamle tradisjonane forsvinn, korleis vidareføre tradisjon, kunnskap og arven etter dette livet?

Tradisjonsbærarar med tradisjons- og handlingsbåren kunnskap. Kunnskap som er unik, sann og verdfull og må først vidare på eigne premisser.

Vi fekk gode innblikk i arbeid, prosjekt og formidling på Little Færøy og om prosessen med arbeidet med å «verta profet i eiga bygd» - korleis bygge opp truverde i lokalsamfunnet.



forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

Korleis lukkast i å ta vare på og formidle desse verdiane vidare. Dette fekk vi eit godt innblikk i.

### **Kystlandskap med eigenverdi?**

Stein Malkenes

Nokre innspel om landskap, folk og trugsmaal.

Stein viste nokre ikonlandskap som Hornelen, Batalden, sikten inn mot Ålfoten frå sjøen, ytterøyane fyr, Alden, eigen heimplass, skjærgarden kring Flora sett sett frå Ålfoten, Kvannahovden fyr på øya Hovden, tradisjons- og kunnskapsbæraren, øybuaren, som er utryddingstruga på linje med sjøfuglane. Hurtigruta, sjøtransport og småbåter i landskapet, men utan sjøfugl å sjå nokon stad... Dalsfjorden, ein attraksjon med vakker storslagen natur utan store inngrep, om det tradisjonelle kystlivet, fiske, livet i fjæra, ulike opplevingar, og om truslane med artsmangfaldet som forsvinn, artar ein ikkje lenger kan hauste av slik som før, ulike truslar og endringar i kystlandskapet grunna taretråling, oppdrett, vindindustri, store industriareal, gruvedrift, mineralnæringer og kraftlinjer. Mangelfull heilskapsforvaltning av kystlandskapet grunna; mange lovverk, tre ulike forvaltningsnivå, sterke lokale næringsinteresser, svake lokale politikarar, fragmenetert forvaltning og mangelfull heilskap. «Urøyrd natur vert ikkje laga lenger» - Fridtjov Urdal.

### **Prioriterte kystlandskap i Sogn og Fjordane**

Erik Solheim holdt eit godt og reflektert innlegg om tradisjonelt vern og om ulike vernetypar. Kystlandskapet er variert, rikt og mangfaldig med med mange unike og ulike kvalitetar, bl.a geologiske, topografiske og klimatiske. Er det mogleg å velge ut nokre spesielle landskap frå andre eller er alt like unikt. Kva kriterie bør og kan ein eventuelt velge ut spesielle område etter.

Sjå vedlegg for meir..

**Plenumsdiskusjon** rundt kva tradisjonar og verdiar dei forskjellige organsiasjonane knyt til kysten, kulturlandskapet og dei ulike kystlandskapa. Aktivitet og arbeid framover.

Det var stor semje om at ein held fram arbeidet for ivaretaking av kystlandskapa sine verdier og eit landskapsvern av Stadtlandet.

Joar Helgheim styrte debatten og oppsummeringa av den.

Lunsj, og heimreise etter god dugnadsinnsats for flytting av ein flott gamal sunnfjordbåt.

Elisabeth Dahle  
- referent -